

Koselegaste festivalarena i landet.

29.06.2018



Festivalområdet.

Ein skal vera forsiktig med å kåra noregsmeistrar på litt subjektivt grunnlag. Likevel er eg overtydd om at dei må leita lenge dei som skal finna ein flottare festivalarena enn det Festidalen har på Dønhaug. I tillegg til eit nydeleg pynta område har gjestene også utsikt til Kvinnheradsnatur på sitt vakraste same kva retning vi snur oss i.

Eg har vore turar oppom Dønhaug kvar dag denne veka. Det har vore ei oppleving i seg sjølv!! Som den einaste med nevane i bukselommene har eg vore vitne til at formidabel aktivitet har føregått med liv og lyst, med god plan og organisering. Det har ikkje vore vanskeleg å registrera fellesskapskjensla dette har gjeve deltakarane.

Blant dugnadsgjengen er det eldsjeler ikkje berre frå Uskedalen og dei andre Kvinnheradsbygdene, men frå eit langt vidare område. Det har vore tilreisande, og det har vore tilflyttarar til Kvinnherad frå andre land, ja, også frå andre verdsdeler. Det er fellesskap med stor F i arbeidet som føregår i samband med Festidalen.

Særskjekt har det vore å vera vitne til mindreårige ungdommar si deltaking i dugnaden, - ikkje berre i hesjedugnaden, men også i arbeidet oppe på Dønhaugjordet. Det utstrålar glede av å få delta. Det er så lett å sjå at dei kosar seg!!! Dette skapar dugnadsånd! Dette er rekruttering! Dette byggjer levande bygder!! Skulen har også medverka til den flotte festivalplassen. Rundt om på området er det pynta med dekorerte stråhattar. Desse har elevane i 6. og 7. klasse på Uskedal skule vore meister for. Eit flott samarbeidsprosjekt.

Resultatet av alt dette vert ein fantastisk festival på det som eg meiner er Norges flottaste festivalarena. Berre å gå ein runde på området er ei oppleving. Eg tar meg nok vatn over hovudet når eg prøver å dokumentera dette med eit skarve mobilkamera. Men eg gjer det likevel. Eg presenterer nokre smakebitar.



Inngang



Ved inngang



Ved inngang



Ved inngang.



I frivilligeltet er det pynta med ei rekke med slike hattar laga av elevane.



I frivilligteltet.



Brusbua og det alkoholfrie området.



Alkoholfritt område.



Hattar pyntar opp langs gjerdet på alkoholfritt område.



Traktoren er på plass på jordet.



Nedre del av området.



Mjelkerampen hører med i miljøet.

I tillegg er det verkeleg pynta til fest rundt i bygda, og festivalcampen er svært ryddig og fin der den alt har teke mot nokre gjester.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland